# Nettet 4. trinn - Personvern på nett

| Skjermen viser: | I timen: |
|---|---|
|   | Introduser timen og start med å sjå [Barn og unge på nett - YouTube](). <br><br>La elevane snakke litt med kvarandre etterpå om kva dei la merke til i filmen, eller snakk saman i klassa om det de såg. |
|  Personvern er en grunnleggende rettighet (Utdanningsdirektoratet) | Har elevane høyrt om personvern? Kva betyr det skal tru? <br><br>Sjå [Personvern er en grunnleggende rettighet on Vimeo]() |
|   | Kva har andre lov å dele av informasjon om oss? <br>La elevane snakke med kvarandre om dei ulike eksempla først, og så kan de gå i gjennom kvart punkt saman. Elevane kan anten reise seg om dei meiner svaret er nei – sitte om dei meiner svaret er ja, eller dei kan vise med tommel opp – bort – ned for å vise kva dei meiner/trur. <br>I utgangpunktet er jo svaret nei på alle desse eksempla. Men på «bilde av meg i lag med mange andre» er det slik at media og andre har lov å ta bilde av ein stor flokk med menneske og dele denne utan å få løyve frå alle på bildet. |
| Kan mamma dele det ho vil på nett?  Uploaded (medierådet) | Sjå denne om mammaen som ukritisk deler om sonen sin. Filmen er på dansk, så kanskje bør du forklare litt kva som skjer før de ser den: [Uploaded (norske undertekster) - YouTube]() |
| *Kva er ein god huskeregel for kva vi deler på nett?* | Få elevane til å snakke saman og lage forslag til huskeregel, og vert einige om ein i klassa. Eksempel kan jo vere at det vi deler skal vere snilt og sant + at det skal vere greitt for den det handlar om. |
|  Du har lov å si nei (karaoke-versjon) (Utdanningsdirektoratet) | Denne songen handlar om å dele bilder [Du har lov å si nei (karaoke-versjon) on Vimeo]() vil de synge saman med den? |
| • *Er det lett å sei nei til å bli tatt bilde av?*<br>• *Kva kan vere grunnar til at barn ikkje har lyst å bli tatt bilde av?*<br>• *Kva kan skje med bilde av barn om dei blir lagt på nett?* | • Er det lett å sei nei til å bli tatt bilde av?<br>• Kva kan vere grunnar til at barn ikkje har lyst å bli tatt bilde av?<br>• Kva kan skje med bilde av barn om dei blir lagt på nett? |
|  | Desse to filmane handlar om kva vi barn deler på nett. Sjå ein eller begge og snakk om det som skjedde: [Var det DU som sendte den dritkjipe meldinga? on Vimeo]() og [Hvordan vil DU bli sett? on Vimeo]() |

| | |
|---|---|
|  | Treng de litt aktivitet? Bruk gjerne denne, eller ein av dei andre på denne sida: [Brain Break - Spring Would You Rather? - YouTube] Det er ikkje så viktig om dei forstår alternativa, dei skal først og fremst velje ein aktivitet og gjere denne. |
|  | Avslutt gjerne med å bruke meir tid på huskereglar for deling. |